

Hva skjer i norsktimene på ungdomsskolen?

- Skjønnlitteraturens sikre kort
 - Ibsen (*Et dukkehjem*), Skram (*Karens jul*), Kielland (*Karen*) og Bjørnson (*Faderen*)
 - *Tante Ulrikkes vei*, *Alle utlendinger har lukka gardiner* og *Hør her'a* av nyere litteratur
- Skjerm vs. papirlesing
 - **Kommer vi unna noe råd om skjerm? (Skjermbruksutvalget)**
- Har algorit mestyrt kortlesing spist seg inn i skolekonteksten?
 - Debattartikler og leserinnlegg, multimodale tekster
- «Alle lærere er leselærere»
- Akademisert ungdomsskole? (St. mld 34)
- **Råd: Mer lystlesing på ungdomsskolen**



Skole/hjem-samarbeid på ungdomstrinnet

- Tar vi foten av gasspedalen? Hvor godt gjør vi foresatte i stand til å hjelpe til med den andre leseopplæringa? Hvor er fedrene?
- **Råd om lesing for de største barna**



Hva slags føringar legger skriftlig eksamen i norsk?

Ibsen vekt til live igjen med ny AR-app

Med VisitOSLO sin nye AR-app «Oslo Spex» kan du bli med Henrik Ibsen, den berømte norske dramatikaren og «far til realismen», på ei byvandring i Oslo.

«For meir enn 100 år sidan var Henrik Ibsen eit velkjent syn i gatene i Oslo – og no er han tilbake», seier Widar Pastoor hos VisitOSLO. Han held fram: «Formatet er leikent og engasjerande – du kan til og med ta eit bilete med Ibsen!»


Oslo Spex er ein ny gratis app for smarttelefonar, som bruker auka røynd (augmented reality, AR) og har fokus på Henrik Ibsen og Oslo. I appen får du informasjon i form av lyd og tekst, på både engelsk og norsk.

Gå ein tur i Ibsens fotspor

I appen har vi sett saman mange ulike forteljingar om livet og kunsten til Ibsen og forholdet hans til Oslo. I appen finn du ein fullskala animasjon av Ibsen på seks stader rundt i byen, som alle har ei tilknytning til Ibsens liv og virke, mellom anna utanfor Ibsenmuseet (Ibsens tidlegare leilegheit) og Grand Hotel. Appen har eit interaktivt kart som gjer det enkelt å finne stadene der Ibsen dukkar opp. Ibsen levde i ei heilt anna tid og i ein by som såg veldig annleis ut enn han gjer i dag. På 1800-talet heitte Oslo Christiania, og befolkninga var berre fem prosent av det ho er i dag. Oslo Spex-appen vekker den fascinerande verda til Ibsen til live igjen.

«Far til realismen»

Henrik Ibsen blir ofte kalla «far til realismen» og er ein av dei mest spelte dramatikarane i verda etter Shakespeare. Han hadde eit spesielt forhold til byen Christiania, der han skreiv og regisserte på Christiania Theater. Han budde i utlandet i mange år, for det meste i Tyskland og Italia, men dei fleste skodespela han skreiv, fann stad i Christiania. Han kom tilbake til Noreg seint i livet og budde mange år i hovudstaden før han døydde i 1906.



Annika Momrak kjem frå Bø i Telemark – no vil ho lære seg dialekta

Når unge folk flyttar frå bygda til byen, legg dei ofte frå seg dialekta frå heimstaden. NRK-profilen Annika Momrak går motsett veg.

– Eg var litt redd for at folk skulle bli sure fordi eg snakkar feil og ikkje veldig breitt, men folk heiar veldig på at ein prøver.

Det seier Annika Momrak (25) på telefon med Framtida. NRK-profilen er eit kjent fjes for mange, både frå 4ETG og som programleiar for P3 Gull, Norske Beefer og Vettskremt, og skal i haust vere den nye «Dama til» forskjellige norske kjendisar.

Samstundes har ho sett seg eit personleg prosjekt: Ho vil lære seg å snakke Bø-dialekt, eller bøhering, skikkeleg.

Har snakka som mamma

For ordens skuld: Momrak har ikkje slått heilt over når Framtida får ho på telefonen. Ho snakkar framleis bokmålsnært og er bøhering under opplæring.

25-åringen er opphavsleg frå Bø i Telemark, men har aldri snakka dialekta. Mora er innflyttar, medan faren er frå Bø, og ho har snakka som mora. Bø er ei lita bygd i Telemark med rundt 6000 innbyggjarar og er kjend for vassparken «Bø Sommarland» og som rånarhovudstad i NRK-serien «Rådebank».

Ho fortel at Bø generelt har mykje innflytting, og at dialekta blir meir og meir utvaska. Sjølv om ho hadde familie og venar rundt seg som snakka dialekta, var det ikkje kult å snakke det på skulen.

– Eg har alltid søkt meg ut av bygda og mot byen. Det er no når eg er eldre, at eg har kjent på det å finne tilbake til røtene mine.

Etter å ha flytta til Oslo merka ho at ho snakka veldig likt dei som er frå byen. Samstundes har ho eit behov for å markere at ho har med seg heimstaden sin.

– Det ligg veldig mykje identitet i dialekt, og eg har lyst til å vise at eg er frå ei lita bygd med hardingfele, telemarksbunad og folkemusikk.

[...]



Om å ha håp

Vi treng håpet.

Den vesle kvite perla ein stad i oss,
gøymt. Den stille elva som brått kan
brusa over. Utsynet bak neste sving.

Tonen som løftar dagen.

Vi treng handa som blir strekt fram
og orda som vekkjer draumar. Løve-
tannen opp or asfalten. Fuglen på
veg i fridom, lyset på skrå inn.

Håpet kan vi gje kvarandre, eller ta
bort.

Denne dagen er vår.

* utsynet: utsikt

* or: opp fra (gjennom)

Kilde: Bratlund Mæland, Bente (1991). «Om å ha håp». Hentet fra *Å dryssa stjerner*. Trykt hos Hannevik & Sundøy A/S.

Syrin

Jo, jeg så deg
her fra vinduet.
Du bøyd deg og tok den opp,
syrinkvasten
som lå der midt i gata vår og ble
overkjørt av biler. Minst av to.
Jeg hørte springen gå på kjøkkenet,
og der sto den.
Litt forpjosket, skamfull,
nesten død.
Men så idag,
du verden
– hele stua full av sommer,
svimlende
sånn som dengang.

Så det går an.

* syrin: en type busk med blomster

* syrinkvast: bunt, gren av syriner

* springen: vannkran

* forpjosket: medtatt, pjoskete

Kilde: Jacobsen, Rolf (1979). «Syrin». Hentet fra *Tenk på noe annet* (s. 55). Gyldendal Norsk Forlag.

Tilrettelagt for eksamen av Udir.



Jeg velger meg april!

Jeg velger meg april!
I den det gamle faller,
i den det ny får feste;
det volder litt rabalder, –
dog fred er ei det beste,
men at man noe vil.

Jeg velger meg april,
fordi den stormer, feier,
fordi den smiler, smelter,
fordi den evner eier,
fordi den krefter velter, –
i den blir somren til!

* volder: er årsak til

* dog: likevel

Kilde: Bjørnson, Bjørnstjerne (1869). *Jeg velger meg april!*. Ukas dikt (2020). Cappelen Damm

Tilrettelagt for eksamen av Udir.

Snøsong

det å sitja og sjå på eit fjell
gjer meg godt
hjarta blir roleg
og snøen på eit fjell
lyfter andletet mitt mot ein stad
inne i den skimrande snøen
og snøen
i lyset
seier meg
det er deg det gjeld
og då trur eg
at det finst ein stad
som også eg skal finna
der vinden snakkar lågt
og der kjærleik andar
i si lyse stille
av himmel og av jord
og er ein stad for kvile
i ei sky som driv forbi

Kilde: Fosse, Jon (2013). *Stein til stein*. Samlaget.

Tilrettelagt for eksamen av Udir.



EG ER EIT REKKJEHUS

Eg er som eit rekkjehus.

Heng saman med andre rekkjehus som liknar på meg.
Som eg høyrer saman med.

Vi pyntar hagane våre likt og har same hekk og hemme-
lege reglar om korleis det bør sjå ut. Korleis vi bør sjå ut.
Men inni, inni her har vi det som vi vil. Har vi det som vi er.
Eg er som eit rekkjehus og oppi hovudet, øvst, er loftet.

Det er så fin utsikt over byen her. Frå dette loftet.

Ein kan sjå langt, over til den andre sida av byen og over
fjella og verda, og inn i framtida og nye folk og nye byar,
Barcelona og Tokyo og Ibiza og somrar som skal kome, og
vidaregåande og nye venner og uro som kjem anten ein
vil det eller ikkje, og Thomas som kanskje har kome inn på
den same skulen som meg, og festar og nye venner som
badar på Frognerbadet, eller drikk kaffi under tre i parkar.

Ellos eatnu – La elva leve

Riv opp gamle sår som kanskje ikkje er grodde.

PÅ KINO 3. FEBRUAR 2023: «Ellos eatnu – La elva leve» kunne knapt ha blitt lansert på eit betre tidspunkt.

Midt i diskusjonar om kva vi er villige til å ofre av norsk natur for å møte straumkrisa, og ei pågåande historisk rettssak om samiske rettar i Karasjok, kjem altså filmen om striden rundt den planlagde utbygginga av Alta-Kautokeinovassdraget i 1979.

Regissør Ole Giæver («Fjellet», «Mot naturen», «Fra balkongen») har laga sin mest ambisiøse film til no. Filmene riv opp gamle sår som kanskje ikkje er grodde, for ein kan få inntrykk av at kampen som blei utkjempa for over 40 år sidan, framleis er aktuell.

Den handla nemleg ikkje berre om å bevare ei elv, men om samars rettar til eige land, eigen kultur og eigen identitet.

Giævers kloke manus og beherska regi gjer at filmen vekker både harme og oppgittheit, og forklarar nysansert korleis det kan ha seg at nokon utviser ein sterk kampvilje, mens andre for lengst har resignert.

Tvinga til å ta eit oppgjør

Historia er oppdikta, men er altså basert på verkelege hendingar.

Hovudpersonen er Ester (Ella Marie Hætta Isaksen), som hausten 1979 har fått jobb som lærarvikar på ein skule i Alta, men som held den samiske bakgrunnen sin skjult for både kollegaer og elevar.

På ein snartur heimom for å hente flyttelasset blir ho med sin engasjerte fetter Mihkkal (Gard Emil) til Stilla. Der besøkjer dei demonstrantar som har slått leir for å protestere mot planane om den store kraftutbygginga som vil øydeleggje Altaelva – og dermed livsgrunnlaget for mange samar.



TA VARE

på vennene, ta VARE
på vennligheten, vis gjerne
litt selv om du kan, dagen er blå
og dagen er grønn, dagen
er hvit – det er ikke annet
enn livet der her, vi er alle borte – nå
eller om litt, take it easy menneske
but take it, det er ikke
annet enn virkelighet
vet du, snart er 101 inne snart
er 101 ute – jeg sier:
vennighet varer lenger, ta VARE
på vennligheten, ta VARE
på vennene – HEI HEI! ta nå
vare på hverandre.

Av Jan Erik Vold (1939–)

Kilde: Dahl, Erik, Larsen, Ellen & Ringnes, Gunn (1997). *Litteratur etter 1945 for ungdomstrinnet 2* (s. 258). Gyldendal.

Kvart menneske er ei øy

KVART MENNESKE er ei øy, som kjent. Så det må bruer til. Uendeleg mange slags bruer. Naturleg nok har vi lært den bygningskunsten grundig.

Det finst finare bruer enn ord over til andre, men berre i den rette, sjeldne stund. Den lydlause stund når alt står stille for ikkje å gå i stykke, medan den minste rørsle er ei gåve på same tid – då er ord ubrukelege. Eller når ein fingertupp langs ein arm er som springande bruer av guld.

Likevel: tusen gonger oftare er *ordet* bru.

Eit under av ei bru.

Aldri kan ein halde opp å hylle den som laga det skrevne ord. Boka, bladet, brevet. Frå øya si har nokon skrive eitkvart, det slår bru til neste øy, og atter frå øy til øy. Det kjem sendande, og ligg der som ein død ting – men mennesket har lært å tyde det, under eit menneskeauga får det liv, og meir enn liv, kan røre og opprøre og skape om. Det kan stige opp av papiret som lyn og eksplosjonar, som svarte sorg-fuglar og som blømande kirsebærtre. Av og til skulle vi tenke over kor merkeleg det er.


Tarjei Vesaas



Bekymringer

- Stor bekymring knyttet til hvor gode nyutdanna lærere fra ILU og MGLU 5-10 er på leseopplæring og konkret begynneropplæring
 - Den virkelige opplæringa skjer ofte ute i praksis, og da vet vi at det blir strekk i laget
 - Samlinger for nyutdannede
- Hvordan gjør vi læreren i stand til å bruke data fra kartlegging til å faktisk endre undervisningen i en klasse med 30 ulike behov?







من المثير قراءته